

## Referat frå årsmøtet i Tanum menighet 8. mars 2020

Møtet vart halde i Tanum kyrkje rett etter gudstenesta søndag 8. mars 2020 med 21 personar til stades. 19 av desse tilhørde soknet.

Møtet var kunngjort ved annonse i Østlandsposten fredag 21.02.2020, (dessverre ikkje i gudstenesteannonsa fredag for to dagar sidan).

Erling Sølvik opna møtet og Oddny Perstu og Brit Kobro vart valde til å underskrive referatet.

Kari Espelid las fyrste del av årsmeldinga, punkt 1-3. Sokneprest Asle Zimmermann orienterte under punkt 4, kirkelig aktivitet/menighetsarbeid om gudstenestelivet og konfirmantarbeidet. Det har vore ei dobling av talet på dåp (46) frå i fjor (23). På spørsmål frå menigheten var svaret at talet på døypte kan variere ganske mykje frå år til år. Det har også vore ein auke i nattverdsgjester, noko som m.a. heng saman med at det er fleire gudstenester med nattverd.

Erling Sølvik gjekk gjennom siste del av årsmeldinga. Menighetsrådet har ei utfordring med å rekruttere folk til eit nytt diakoniutval!

### **Årsmeldinga vart godkjent av årsmøtet ved akklamasjon.**

Elisabet Romøren orienterte om framdrift og økonomi når det gjeld nytt orgel. Mesteparten av det elektriske opplegget som trengst vart ordna då det vart installert nytt el-anlegg i heile kyrkja i 2018, så det blir lite ekstrautgifter til dette. Bygginga vil starte hausten 2020 og orgelet skal vera ferdig vinteren 2020/21. Eurokursen har blitt ei tilleggsutfordring når det gjeld økonomien. Så innsamlinga held fram!

Egil L. Thorvaldsen orienterte om utfordringane ved distribusjon av Såmannen pga av Postens omlegging av ruter ved ombering av mindre post enn før. Rutene fylgjer ikkje prestegjeldsgrensene lenger. 2000 eks må frå fyrste nr i år berast ut av friviljuge i delar av Tanum. Viss 10 personar kan ta på seg å bera ut 200 eks kvar, fire gonger i året, vil saka vera løyst. Dette vil også spare pengar for Såmannen, både i porto og i talet på eksemplar som må trykkast opp. Bladet kan også lesast på nett, under LKFR, Tanum menighet, menighetsblad.

Årsrekneskapet for 2019 var vedlagt til orientering, sett opp av økonomileiar på kyrkjekontoret og underskrive av kyrkjeverge og mr-leiar. **Også godkjent av årsmøtet ved akklamasjon.**

Ref: Kari Espelid